SØKNAD
OG
HANDSAMING AV LØYVE

HAREID KOMMUNE
Plan, utvikling, byggesak og geodata

Krister B. Kjellevold

Pe-vegen 6
6062 BRANDAL

DELEGERT VEDTAK
Enkeltvedtak – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

Sakshandsamar:	Terje Rasmussen	Utval	Delegert frådelingsløyve
Saksnr:	2013/862	Vedtaksnr:	3/15
Leiar:	Signe Rønnestad Kanstad	Vedtaksdato:	22.01.2015
		Klassering:	40/

LØYVE TIL FRÅDELING

Vedtak:
Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 m og 26-1 § 11-11 nr 2 godkjenner rådmannen frådeling av 40/4 som omsøkt

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.

Hareid, 22.01.2015

S. R. Kanstad
Signe Rønnestad Kanstad
leiar plan- og utviklingsavdelinga

Terje Rasmussen
Terje Rasmussen
Ingeniør

Vedlegg: *Faktura for sakshandsamingsgebyr*

Vedlegg:

Søknad om frådeling	dat.	23.06.2013
Oversiktskart	"	09.08.2013
Utsnitt av gjeldande kommuneplan	"	09.08.2013
Ortofoto dat. 13.mai 2010	"	09.08.2013
Forslag til vedtak frå Terje Kolstad, Vanylven på vegne av Søre Sunnmøre Landbrukskontor		
	"	29.10.2013
Melding om vedtak om å trekke saka for vidare utgreiing	"	27.11.2013
Saksframlegg for næring og miljøutvalet	"	21.01.2014
Melding om vedtak i NMU	"	23.01.2014

Saksutgreiing:

Krister B Kjellevold søkjer om å dele frå ein parsell frå eigedom 40/4 og legge denne til eigedom 41/334 i Brandal. Hareid. Den omsøkte parsellen er på om lag 300 m² og ligg i eit område med kommuneplanen som gjeldande reguleringsplan.

Arealet som det søkjast frådeling er i kommuneplanen regulert som **LNF-B- område med høve til spreidd bustadbygging (PBL § 11-11 nr 2).** Saka vart handsama ved plan og utviklingsavdelinga i Hareid kommune først og vart sendt til Søre Sunnmøre Landbrukskontor for uttale då søknaden rører ved eit LNF-område. Landbrukssjef Anne-Kathrine Løberg stilte seg ugild i sakshandsaminga og saka vart handssama av Terje Kolstad i Vanylven som stadfortredar for Søre Sunnmøre Landbrukskontor. I NMU møte 27.11.2013 vart saka trekt av rådmannen for vidare utgreiing etter Kommunelova § 23. Vedtaket var samrøysta. Saka vart tatt opp att av NMU 21.januar 2014 og utvalet stemte samrøystes for å gje løyve til frådeling. Saka vart vidare handsama etter plan og bygningslova av Plan og utviklingsavdelinga i Hareid kommune.

Konklusjon:

Den omsøkte parsellen på 300m² skal nyttast som tilleggsareal for 40/334. I føresegnene til Kommuneplanen for 2011 står det nemnt: ***4.2 LNF-B- område med høve til spreidd bustadbygging (PBL § 11-11 nr 2)*** *I desse områda kan det tillatast spreidd bustadbygging og frådeling til dette føremålet i samsvar med retningsliner nedfelt i kommune-planen.* Hareid kommune kan ikkje sjå at ei slik deling vil ha noko vesentleg innverknad på kommuneplanens føremål for dette området og gjer med dette løyve til frådeling som omsøkt. «Vilkåra etter plan- og bygningslova for frådeling er tilstades.

HAREID KOMMUNE
Landbrukskontoret

MELDING OM VEDTAK

frå

møte i næring- og miljøutvalet 21.01.2014

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2013/1547	599/2014	V61	LAND/ MAN	23.01.2014

PS 4/14 Søknad frå Krister B. Kjellevold om løyve til frådeling av ein parsell frå gnr.40 bnr.4.

Næring og miljøutvalet si handsaming:

Røysting:
Samrøystes

NMU sitt vedtak:
Næring- og miljøutvalet viser til § 12 i jordlova og gjev løyve til frådeling av ein parsell på om lag 300m2 frå gnr.40 bnr.4 i Hareid kommune.
Den frådelte parsellen skal nyttast som tilleggsareal til gnr. 40 bnr. 334 og skal føyast saman med denne.

Hareid, 23.01.2014

Rett utskrift:

Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering

Postadresse:
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

postmottak@hareid.kommune.no
www.hareid.kommune.no

Org. nr: 964979278
Bankgiro: 4093.07.00195

HAREID KOMMUNE
Rådmann

SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2013/1547	Løpenr. 11308/2013	Klassering V61
Sakshandsamar:	Marianne Nerland, Landbrukskontoret	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Næring og miljøutvalet	21.01.2014

SØKNAD FRÅ KRISTER B. KJELLEVOLD OM LØYVE TIL FRÅDELING AV EIN PARSELL FRÅ GNR.40 BNR.4.

/ 2013/1547

Tilråding frå rådmannen:

Næring- og miljøutvalet viser til § 12 i jordlova og gjev løyve til frådeling av ein parsell på om lag 300m2 frå gnr.40 bnr.4 i Hareid kommune.

Den frådelte parsellen skal nyttast som tilleggsareal til gnr. 40 bnr. 334 og skal føyast saman med denne.

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Vedlegg:

Nr.	Namn	
1.	Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning.	10.06.2013
2.	Søknad om frådeling, handsaming etter jordlova.	09.08.2013
3.	Melding om vedtak i NMU.	25.11.2013

Saksopplysningar:

Krister B. Kjellevold søkjer om løyve til å dele frå ein parsell på om lag 300 m2 .
Parsellen skal verte tilleggsareal til gnr.40 bnr.334.
Gnr.40 bnr.4 har eit areal på ca. 321,6 dekar, der 5,7 da. er fulldyrka, 1,2 dekar er innmarksbeite, 208 da. er skog og 106,7 da er klassifisert som anna areal.
Gnr.40 bnr.4 ligg i eit område som i kommuneplanen er avsett til LNF-område med spreidd bustadbygging.

Vurdering og konklusjon:

Driftsgrunnlaget i høve § 12 i jordlova, er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som vert nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk.
Forbodet mot deling i §12 i jordlova skal hindre at eit gardsbruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Ein kan ikkje sjå at ein tilleggsparsell på om lag 300m2 vil svekke vesentleg driftsgrunnlaget på landbrukseigedomen.
Ein kan heller ikkje sjå at det vert drifts- og/ eller miljømessige konsekvensar ved ein eventuell fråvik frå delingsforbodet.

I området som parsellen ligg i, er det tidlegare frådelt bustader m.m og bruken vert lik den aktiviteten som er i området frå før. Frådelinga vert å sjå på som ei akseptabel arronderingsmessig løysing for bustadparsellen gnr.40 bnr. 334.

Søknaden vert tilrådd.

Hareid, 07.01.2014

Bent Arild Grytten
rådmann

Marianne Sævik Nerland
Sakshandsamar

VANYLVEN KOMMUNE

Plan- og utviklingsavdelinga

Søre Sunnmøre landbrukskontor.

Saksnr.	*Løpenr./ Arkiv*	*Dykkar ref.*	Avd./ Saksansvarleg	*Dato*
			PLUT/ KOLTER	29.10.2013.

Forslag til vedtak:
Hareid kommune syner til jordlova § 12 og § 26-1 i plan- og bygningslova og gjev løyve til frådeling av ein parsell på om lag 300 m^2 frå eigedomen gnr. 40 bnr. 4 i Hareid . Den frådelte parsellen skal nyttast som tilleggsareal til gnr. 40 bnr, 334 og samanføyast med denne.

Saksopplysningar:

Søre Sunnmøre Landbrukskontor har sendt over saka til Vanylven kommune som sette kommune, då landbrukssjefen ved kontoret har sagt seg inhabil i saka.
Krister B Kjellevold søkjer om frådeling av ein parsell på om lag 300 m^2 som skal nyttast som tilleggsareal til eigedomen gnr. 40 bnr. 334. Eigedomen gnr. 40 bnr. 4 er ein landbrukseigedom på om lag 321,6 dekar, der 5,7 dekar er fulldyrka jord, 1,2 dekar er innmarksbeite, 208 dekar er skog og 106,7 dekar er klassifisert som anna areal, jf. www.skogoglandskap.no/gardskart sin database. Eigedomen gnr. 40 bnr. 4 er ein liten landbrukseigedom og saka vert handsama etter jordlova og plan- og bygningslova. Parsellen ligg i eit område som er avsett i kommuneplanen som LNF- område med spreidd bustadbygging.

Vurdering:

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som vert nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbodet mot deling i § 12 skal hindre at eit gardsbruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget.

Ein kan ikkje sjå at ein tilleggsparsell på om lag 300 m^2 kan gjere noko stort utslag for brukets framtid. Ein kan heller ikkje sjå at det vert drifts- og eller miljømessige konsekvensar ved ein eventuell fråvik frå delingsforbodet. Området parsellen ligg i er det tidlegare frådelt bustadar m.m. og bruken vert lik den aktivitet som er i området frå før. Frådelinga vert å sjå på som ei god arronderingsmessig løysning for bustadparsellen gnr. 40 bnr. 334.
Søknaden tilrådast.

Terje Kolstad
Leiar Plan- og utviklingsavdelinga

Postadresse:
Rådhuset
6143 Fiskåbygd

Besøksadresse:
Rådhuset
FISKÅBYGD

E-post: postmottak@vanylven.kommune.no
Telefon: 70030000
Telefaks: 70030009

HAREID KOMMUNE
Plan, utvikling, byggesak og geodata

MELDING OM VEDTAK

frå
møte i NMU 25.11.2013

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2013/862	10792/2013	40/	PUA/ TER	27.11.2013

PS 73/13 Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning 2013/862

Næring og miljøutvalet si handsaming:
Rådmannen vel å trekke saka for vidare utgreiing, jf. Kommunelova § 23, punkt 2.

Røysting:
Samrøystes

Vedtak:
Saka vart trekt.

Hareid, 27.11.2013

Rett utskrift:
Anne-Karete Mork
Anne-Karete Mork
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering

Postadresse:
Rådhusplassen 5
6060 HAREID

postmottak@hareid.kommune.no
www.hareid.kommune.no

Org. nr: 964979278
Bankgiro: 4093.07.00195